



**DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.
13/110

Vår ref.
13/651 EO OKL/bj

Dato
06.03.2013

Høyring - forslag om innskrenkingar i odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) 23. januar 2013 med vedlagt høyringsnotat i sak om høyring av framlegg om innskrenkingar i odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjering.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Etter framlegget til endringar i odelskrinsen skal etterkomarane til odlaren ha odelsrett, dersom nokon av foreldra har ått heile eigedomen med odel. Som eit nytt andre punktum i odelslova § 8 fyrste ledd, følgjer det at i tillegg skal barneborn av siste eigar med odel ha odelsrett. Denne oppstillinga skapar eit inntrykk av at ein no skal operere med ein hovudregel og ein tilleggsregel om odelsrett. Noko slikt har aldri vore systemet i odelslova. Spørsmålet er for det fyrste kven som har odelsrett, og så må det avgjerast kven som har best prioritet av desse. Prioritetsspørsmålet er regulert i odelslova § 12. Odelslova § 8 bør difor formulerast slik at alle odelsrettshavarane står fram som likestilte. Dette kan til dømes gjerast ved at § 8 fyrste ledd fyrste punktum kan lyde:

Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett, dersom nokon av foreldra har ått heile eigedomen med odel, eller nokon av besteforeldra er siste eigar av heile eigedomen med odel.

Odelslova § 79 omhandlar innskrenkingar i odelsretten, og overgangsreglar som omhandlar høvet til odelsfrigjering, bør difor ikkje takast inn i denne paragrafen. Sidan odelslova § 31 etter framlegget skal opphevast, bør det heller ikkje følgje av lova at det

likevel kan skje odelsfrigjering etter § 31.

Dette spørsmålet kan avklarast i iverksetjingsreglane for endringslova. Dersom § 31 blir oppheva, kan det fastsetjast i iverksetjingsreglane at føresegna likevel skal gjelde i tilfelle der personar som har ein aktuell løysingsrett når endringslova tek til å gjelde, går til løysingssak. Dette vil dreie seg om ein overgangsperiode på maksimalt åtte månader, slik LMD tek opp i høyringsnotatet.

Med helsing


Magnus Hauge Greaker e.f.
fung. avdelingsdirektør


Ole Knut Løstegaard
fung. lovrådgjevar